



Referat frå Arbeidsutval

*Desse møtte: Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, Leidulv Ø.
Grimstad, Jan Erik Hovland
Forfall: Lars Sellereite*

*Tysdag 5. jan. 2017
kl. 16:00-19:00
Hareid kyrkjekontor*

AU 01/17 Driftsbudsjett Hareid sokn 2017

Vedlegg: AU0117a Driftsbudsjett for Hareid sokn 2017.pdf

Saksutgreiing:

Etter kommunestyrets vedtak om rammetilskot til soknet må fellesrådet gjere budsjettvedtak i kommande møte.

AU si handsaming:

Driftsbudsjettet vart presentert av kyrkjevevja. Fleire justeringar må gjerast før ein oppnår balanse i budsjettet. Tiltak i økonomiplanen som ikkje vart prioritert i Handlingsprogrammet til kommunen vart drøfta.

Vedtak: Driftsbudsjett for Hareid sokn 2017 vert sendt til fellesrådet for vidare handsaming. Tiltaka som ikkje vart prioritert hjå kommunen vert teken ut i forslaget til budsjett. Kyrkjevevja gjer dei naudsynte justeringane for å skape balanse i budsjettet.

AU 02/17 Investeringsbudsjett for Hareid sokn 2017

Saksutgreiing:

Kommunerepresentant i fellesrådet Kristian Fuglseth har sagt at det vart løyvd 100' til nytt inngangsparti med universell utforming og HC-toalett i Hareid kyrkje. Budsjett for desse midlane må vedtakast i fellesrådet. Forslag er ikkje utarbeida av kyrkjevevja.

AU si handsaming:

Kyrkjevevja forklara at midlane i hovudsak vil gå til den arkitekt som vil teikne endringane. Teikning er eit viktig grunnlag i søknad til bispedømme og riksantikvaren som skal godkjenne slike endringar.

Vedtak: Kyrkjevevja utarbeidar budsjettforslag til kommande fellesrådsmøte.

AU 03/17 Justering av satsane i prisliste

Vedlegg: AU0317a Betalingsregulativ for bruk av Hareid kyrkje.pdf

Saksutgreiing:

Prisane i betalingsregulativet har ikkje vore justert sidan 2013, med unntak av pris på gravstell for 2016.

AU si handsaming:

Vedtak: Kyrkjevevja utarbeidar forslag til prisjustering og innhentar prisar frå Ulstein sokn til samanlikning. Saka sendast vidare til fellesrådet for handsaming.

AU 04/17 Diverse høyringar frå sentralt hold

Vedlegg: AU0417a Høyringsbrev – samisk valgmøte.pdf

AU0417b Høyringsnotat – samisk valgmøte.pdf

AU0417c Høyringsbrev – ordning for utpeking av biskoper.pdf

AU0417d Høyringsnotat – ordning for utpeking av biskoper.pdf

Saksutgreiing:

Soknerådet er høyringsinstans for nokre høyringar, og må ta stilling til om ein skal sende inn høyringssvar.



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkjelege fellesråd

AU si handsaming:

Vedtak: Saka sendast til soknerådet for vidare handsaming.

AU 05/17 10 (12) års plan for Hareid sokn

Saksutgreiing:

Kyrkjeverja ynskjer at eit arbeid vert sett i gang for å lage ei rullerande langsiktig plan for verksemda. 10 – 12 år. Vi er ikkje pålagd å ha ei slik plan, men det vil gje retning og gjennomtenkt strategi i arbeidet.

AU si handsaming:

Vedtak: AU ber kyrkjeverja førebu ei skisse til februar-møtet på korleis arbeidet med utarbeidinga av ei slik plan kan sjå ut.

AU 06/17 Førebuingar til årsmøtet

Saksutgreiing:

Er det allereie no noko som må planleggast til årsmøtet? Ynskjer vi eit innslag frå nokon spesielle?

AU si handsaming:

Eit besøk av prosten ville vore kjekt. For å dele nokre tankar rundt reformasjonsjubileet eller skilje mellom stat og kyrkje.

Kan det vere aktuelt å lage middag på dugnad? Brentsnut frå kommunen er dyr.

Vedtak: Kyrkjeverja invitera prosten.

AU 07/17 Førespurnad angående gravstell frå Bellis blomster og byrå

Vedlegg: AU0717a E-post frå Bellis blomster og byrå av 03.01.2017.pdf

Aktuelle lovar og reglar:

Vedtekter for Hareid kyrkjegard § 9

Saksutgreiing:

Bellis blomster & byrå AS ynskjer å overta gravstell for dei gravene som vi steller i dag.

Hareid sokn har ei årleg inntekt på gravstell på kr 20.000 - 25.000,-. Vanskeleg å avgjere nøyaktig medgått arbeidstid.

Vedtekter for Hareid kyrkjegard § 9 tillèt næringsverksemd omfattande stell av graver.

AU si handsaming:

Så lenge ein har personale som kan og vil gjere denne jobben er det ynskjeleg å behalde dei som ynskjer det i ordninga med den inntektskjelda dei utgjer.

Det er viktig at det kjem tydeleg fram kva ein kan forvente av gravstellet.

Fellessrådet har ikkje anledning til å nekte andre å tilby same type teneste.

Vedtak: Kyrkjeverja kontaktar Bellis blomster og byrå og informerer som kva reglar som gjelder og deira muligheit til å drive næringsverksemd på kyrkjegarden. Fellesråde sluttar ikkje å tilby gravstell til dei som har inngått avtale om dette.

Jan Erik Hovland
kyrkjeverje
referent



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkjelege fellesråd

Referat frå Arbeidsutval

*Desse møtte: Gunmar Grimstad, Lars Sellereite, Kjersti Røyset
Toppol, Jan Erik Hovland
Fråfall: Leidulv Ø. Grimstad*

*Tysdag 7. feb. 2017
kl. 16:00-17:45
Hareid kyrkjekontor*

AU 08/17 Årsmelding til årsmøtet i Hareid sokn

Saksutgreiing:

Årsmeldinga skal godkjennast i komande soknerådsmøte. Utkast til årsmelding (så langt det er kommet) vert presentert i møtet.

AU si handsaming:

Utkastet vart drøfta og kort kommentert kva som manglar.

Vedtak:

Årsmeldinga ferdigstilles av kyrkjeverja og vert sendt til soknerådet for vidare handsaming.

AU 09/17 Betalingsregulativ Hareid sokn 2017 rev.

Saksutgreiing:

Ved ei forgløyming vart ikkje prinsippet om å betale for øving med organist i samband med gravferd og vigsel tatt med utan for dei som ikkje har rett på fri gravferd/vigsel. Det er eit ynskje å ta betalt for medgått øvingstid til solist-innslag ved alle gravferder og viglser – dette er praksis i Ulstein sokn.

AU si handsaming:

Vedtak:

Saka vert sendt til fellesrådet for vidare handsaming.

AU 10/17 Utleige av Hareid kyrkje til konserter

Saksutgreiing:

Fleire søknadar om å halde konserter som hovudsakleg ikkje har kristeleg innhald. Saka er av prinsipiell karakter og må fattast av soknerådet. Dette er ei oppfølging av saka som ikkje vart handsama på førre soknerådsmøte.

AU si handsaming:

Det vart ytra ynskje å ikkje fatte eit strengt prinsipp som ikkje opnar for å vise skjønn i framtida. Det vart også ytra ynskje om å vise rausheit og så låg terskel som mogleg for å invitere folk og konsertarrangørar inn i kyrkjerommet.

Vedtak:

Saka vert sendt vidare til soknerådet for vidare handsaming med desse argumenta i saksutgreiinga.

AU 11/17 Fjerne mose på kyrkjegardsmuren

Saksutgreiing:

Kultursjef Oddbjørn Grimstad har fått ei førespurnad frå nokon som ynskjer å fjerne mosen på kyrkjegardsmuren på dugnad. Er dette noko vi ynskjer? Det er ei viss risiko for at muren kan ta skade ved reinsinga. Er det fint med mose? Vil vi arbeide for å halde den fri for mose? Skal saka sendast til kyrkje- og kyrkjegardsutvalet?

AU si handsaming:

Saka vart drøfta. Lars Sellereite, leiar av kyrkje- og kyrkjegardsutvalet, tek kontakt med kultursjefen for å få fleire detaljar kring arbeidet dei ynskjer å gjere.

Vedtak:

Saka vert sendt vidare til fellesrådet for vidare handsaming.

AU 12/17 Elektronisk arkiv

Vedlegg: AU1217a Prisar arkivsystem.pdf

Saksutgreiing:

Dagens arkivløsning er papirbasert, og svært gamaldags og tungvindt. Det er eit sterkt ynskje frå administrasjon og prestekontor å få ei elektronisk løysing som er praktisk og meir moderne.

Vanlegvis vil ei slik løysing koste i 2-300.000 kr, men Kirkepartner IKT AS har forhandla fram gjennom offentleg anbod ei løysing som er prisgunstig og marknadsledande for arkivsystem, og som tar omsyn til små og store fellesråd.

Løysing og kostnadar vert presentert i møtet for vidare drøfting.

AU si handsaming:

Verksemdsmodellen til Kirkepartner IKT AS vart presentert, og korleis Hareid kyrkjelege fellesråd kan dra nytte av dei gunstige prisane. Kirkepartner IKT si arkivløsning vart drøfta, med tanke på konsekvensar for dagens IT-løysing på kontoret.

Vedtak:

Saka vert sendt vidare til fellesrådet for vidare handsaming.

Hareid, 8. feb. 2017.

Jan Erik Hovland
kyrkjeverje og sekretær

Referat frå møte i kyrkjemusikalsk utval

onsdag 18. januar 2017 kl. 18.00. på kyrkjekontoret

Desse møtte: Wenche R, Lidvar G, Leiv A G, Christoffer B og Ida T.

Oppsummering av julekonsertane 2016

Flotte konsertar, godt med folk utan at det var overfylt.

Passelig tidsramme.

Litt kluss med solistmikrofonar, men elles gjekk alt på «skinner».

Til konsertane 2017: invitere med alle aspirantkorpsa.

Passe på at ALLE overheld tidsramma som blir sett på kvart kor/korps.

Årsmelding

Wenche skriv, ho og Ida reviderer!

Salmekveld til våren

Onsdag 19. april kl 19.30.

Tema: Påskesongar/nytt liv.....

Wenche spør Cervix Vocalis om å syngje.

Ha mykje allsongar!

Ny kultur/salmekveld til hausten?

Onsdag 27. september kl. 19.30.

Tema: kulturkveld med kortreist og tilreisande.....

«Kortreist brød med brunost»

Hadde fleire forslag til lokale ressursar vi kan bruke stoff av.

Lutheråret 2017

Salmekveld/konsert i samband med det?

Vi snakka om dette, men avventer litt og tek det igjen seinare.

Orienteringar:

Kvelv bak kvelv, konsert laurdag 11. febr. Kl. 18.00.

Christoffer kan hjelpe til om det er behov.

Johnny Cash messe onsdag 15. mars kl. 19.30 i kyrkja.

Wenche kan hjelpe til.

Vi syng og spelar jula inn 2017:

Dato 17. desember kl. 16 og 18.

Møtet vart avslutta kl 19.45.

Ida T

REFERAT MISJONSUTVAL 25.JANUAR 2017

Tilstades på kyrkjekontoret: Odd, Jahn Kjell, Petra, Kjersti, Eli-Sølvi

Kjersti opna med andakt.

Årsmelding

Kjersti hadde skrive årsmeldinga som vi las og gjorde nokre små endringar på.

Endingar på summene som stod oppførte.

Er det mulig å få oversikt over innsamla kr. på dei som er faste givera?

Eli-Sølvi prøver sjekke det opp.

Misjonssøndag på Holesanden.

Søndag 18. juni er det Misjonssøndag. Kjersti spør Kammerkoret om dei kan vere med.

Dersom dei ikkje kan spør ho Blandakoret.

Eli-Sølvi ber regionkontoret om talar, og til litt misjonsinfo.

Gevinstar til loddbøker: Petra --- fruktkorg
 Kjersti ---- fuglekasser

Kjersti spør i tillegg nokre i soknerådet om dei vil vere med å gi gevinstar og Kari I. Grimstad om ho vil gi ein gevinst.

Prøvar å kome igong med loddbøkene i god tid. Petra vil selje på Spar.

Kjersti spør Tone Nedrelid om ho vil ta ansvar for å selje lodd på Hjørungavåg.

Neste møte vert 26. april kl. 1800 på kyrkjekontoret.

Eli-Sølvi